Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i NORGES IDRETTSFORBUND

Årsmelding frå Ørsta idrettsråd, 2023

Årsmøtet i 2023 vart halde i klubblokala til Ørsta IL i Ørstahallen den 13. juni.
Styret i Ørsta idrettsråd i 2023:

Leiar	Erlend Andersen	Ørsta IL
Nestleiar	Per Gunnar Indreeide	Vartdal TIL
Kasserar	Tone J. Hovdenakk	Ørsta IL
Styremedlem	Gaute Holen	Sæbø IL
Styremedlem	Jostein Bjørdal	Åmdal IL
1. vara	Terje Aarskog	Sunnmøre klatreklubb
2. vara	Margrete H. Øyehaug	Ørsta ride- og køyreklubb

Kontrollutval:
Jon Helge Bjørndal, Vartdal TIL
Rita Myking, Åmdal IL
Bente Ørsal, vara, ØIL

Hallstyret:

Patricio Medina	Ørsta IL
Sven Castberg	Ørsta IL
Nina Hustad	Sæbø IL
Vara: Sindre Skurtveit	Hovdebygda IL

I hallstyret er det også to politisk valde representantar, pluss dagleg leiar for Ørstahallen.

Valnemnd:

Arnar G. Holen	Sæbø IL
Øyvind Festø	Sunnmøre klatreklubb
Ann Karin Sætre	Vartdal TIL

Medlemskap

Ørsta idrettsråd har ved årsskiftet 19 (20) medlemslag med til saman 3205 (4000) medlemmer. Fire medlemslag har ikkje rapportert innan fristen, og kan bli tvangsutmeld frå idretts-forbundet. Det er stor nedgang i medlemstalet frå året før. Noko av nedgangen kan vi skulde på stor opprydding i medlemsregistera rundt i laga.

Lokale aktivitetsmidlar

Ørsta idrettsråd fekk i 2023 kr. 937 185 (kr. 913 550 i 2022) til fordeling mellom medlemslaga. Styret gjer fordelinga etter NIF sine føringar og interne føringar frå årsmøtevedtak. Det er svært viktig at laga gjer god jobb i idrettsregistreringa. Midlane skal gå til klubbar som har aktivitetar for born og unge mellom 6 og 19 år.

Kommunale midlar:

Kommunalt tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg:
2017: kr. 50 000
2018: kr. 45 000
2019: kr. 45 000
2020: kr. 40 000
2021: kr. 44 000

Kommunalt kulturtilskot til idretten:
2017: kr. 69 000
2018: kr. 56 000
2019: kr. 50 000
2020: kr. 70 000
2021: kr. 40 000
2022: kr. 52 000 (samla tilskot til idrettsanlegg og frie kulturføremål)
2023: kr. 119 000 (samla tilskot til idrettsanlegg og frie kulturføremål)

Aktivitet i 2023

Det var fire styremøte i løpet av året. Det meste av kommunikasjonen i styret skjer via e-post.
Det var eitt medlemsmøte (om aktivitet og planar i samband med fordeling av lokale aktivitetsmidlar).
Andersen og Bjørdal deltok på sonemøte med idrettskretsen i Ulsteinvik i september. Tema var oppfølging av idrettsråd, og alternativ finansieringsmodell for idrettsråd. Idrettskretsen har for lite ressursar til å følgje opp idrettsråda godt nok. Styret i ØIR ønskjer likevel å halde fram med den modellen vi har i dag.
Flyklubben inviterte styret til klubbkveld i klubbhuset på flyplassen. Bjørdal og Indreeide deltok på dette i slutten av november.
Vi var aktive i rullering av «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet». Målet er å få med i planen også kva anlegg som er i kommunen, og kva kostnad det er med å drifte dei. Planen skulle hatt full rullering i 2023 (også med handlingsprogrammet), men arbeidet er forsinka frå kommunen sin side.
Vi hadde ambisjonar om eit møte med kommunestyret, dette fekk vi ikkje til.

Økonomi

Ørsta idrettspark AS vart oppløyst 31.12.2023. Restmidlane på rundt kr. 250 000 vart overført til idrettsrådet. Midlane skal bli brukt til felles tiltak i Ørstahallen, etter søknad frå klubbene. Allereie i 2023 var det naudsynt å bruke av denne potten. I samband med landskamp i handball i påska, vart det avdekt manglar ved det tekniske utstyret i hallen. Etter søknad løyvde idrettsrådet vel kr. 86 000 til dette tiltaket. Det er også årsaka til det negative årsresultatet for idrettsrådet i 2023. Idrettsrådet har god eigenkapital og lite faste driftsutgifter.

Ørsta idrettsråd

Organisasjonsledd i
NORGES
IDRETTSFORBUND

Status for idretten i Ørsta

I kommunen er det mange idrettslag og god variasjon i tilbod. Ørsta symjeklubb la ned drifta i 2023, men har planar om å starta oppatt som gruppe i ØIL når ny symjehall er på plass i sentrum.
Det er stor nedgang i medlemstala, på berre eitt år. Rydding i medlemsregistera kan vere litt av årsaka. Det er særleg grunn til å vere bekymra for stor nedgang i kjernegruppa 6-19 år (vel 400 færre). Vi ser at det også er meir utfordrande å få vaksne med på dugnadar og tillitsverv.

For å skape aktivitet må vi ha anlegg. Dei siste åra er det realisert fleire kostbare anlegg i kommunen. Og det er framleis høge ambisjonar. Ørsta stadion blir oppgradert med nytt løpedekke i 2024, og siktar mot nytt gras i 2025. ØIL skal også reise tribune til fotballbana i 2024, og det nye klubbhuset til Vartdal TIL vert klart til sommaren same år.

Dei fleste lag driv først og fremst med breiddeidrett, men vi finn også tilbod til dei som vil utvikle seg vidare, både innan lagidrett og individuell idrett.

Ønskjemål

Ørsta idrettsråd er til for medlemslaga og skal vere bindeledd mellom medlemslaga, Ørsta kommune og Møre og Romsdal idrettskrets. Medlemslaga vert oppmoda til å ta kontakt med idrettsrådet for hjelp og støtte.
Ørsta idrettsråd ønskjer framleis betre rammer for idretten i kommunen.

Ørsta, 03. juni 2024

Erlend Andersen **Per Gunnar Indreeide** **Gaute Holen**

Tone Jøssang **Jostein Bjørdal**